

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
02.09.2024 23/57449- 17 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
21/24	Vestlandsrådet	10.09.2024

Vestlandsrådet på Arendalsuka 2025

Innstilling:

Vestlandsrådet vedtek at vi skal ha eitt eller to arrangement under Arendalsveka 2025. Vestlandsrådet ber administrasjonen om snarast å leggje fram forslag om opplegg til Arbeidsutvalet for endeleg avgjerd:

- Tema innanfor Vestlandsrådet sin strategi og agenda, og som er dagsaktuelle
- Innleiarar og opplegg
- Forslag om tidspunkt, stad og logistikk for arrangement(a)

Bakgrunn

Arendalsveka blir arrangert 11. til 15. august 2025.

Etter to års erfaring med å vere til stades med arrangement i Arendal har vi gjort nokre gode erfaringar:

- Vi har truffe på tema
- Vi har hatt bra deltaking på arrangementa våre
- Vi har klart å levere gode arrangement
- Vi kunne sikkert få til meir viss vi planlegg litt betre
- Fått bra synlegheit, men usikker på om Vestlandsrådet har blitt meir synleg

Vurdering

Frå neste år bør vi:

- Velje tema som er i tråd med strategien – kva er viktig for Vestlandet

- Velje tidspunkt som gjer det mogleg for fleire politikarar frå dei tre fylka å delta på arrangementa
- Tilpasse tidspunkt slik at vi kan få minst ein statsråd i salen – då må vi unngå måndag før kl. 15.00
- Sjå om merkevara Vestlandsrådet kan bli synleg?

Kva set vi på dagsorden:

- Mat og reiseliv, eller noko meir retta mot reiseliv? (kan vere samarbeid med FjordNorge)
- E39 – eller ein overordna debatt om veg, NTP, bane eller sjø?
- Grøn skipsfart, skal vi diskutere «deep sea»?
- Invitere til lunsjprat om mat, næringsinnhald og pengar

Kvar legg vi arrangementa:

- Rygerelektra – vi meiner båten er perfekt til føremålet, ligg midt i sentrum og er naturleg førsteval, båten kan vel vere både Energi-hovudstadsbåten og Vestlandsbåten
- Annan båt (kva gjer Vestland i 2025)
- Annan scene? Gitt at E39 skal drøftast, med alternativ, kan det vere aktuelt å halde ein slik debatt i eiga regi eller på ei større scene?

Økonomiske konsekvensar

Omtrentleg 500 000 vil to arrangement koste, eitt arrangement omlag det halve.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør